

FORVENTA PENSJONERINGSALDER OG YRKESAKTIVITET

Av Oddbjørn Haga og Ole Christian Lien

Samandrag

Stadig fleire kombinerer arbeid og pensjon, og det er ikkje lenger fullt samsvar mellom når folk tek ut pensjon og når dei sluttar i arbeid. NAV publiserer difor indikatorar for både pensjoneringsåtferd og sysselsetjing.

Forventa yrkesaktivitet er ein indikator for å måla lengda på yrkeskarrierar basert på yrkesaktiviteten i einskilde år. Ein 50-åring kunne i 2014 forventa å vera yrkesaktiv i 11,6 år til. Dette er ein auke på 0,3 år frå 2013 og 2,0 år frå 2001. På grunn av omlegging av datakjelda for yrkesaktivitet (Aa-registeret) kan vi ikkje rekna ut forventa yrkesaktivitet eksakt for 2015, men eit overslag tyder på at den er uforandra frå 2014.

Yrkesaktiviteten for dei over 50 år er no den høgaste den har vore i tida etter 2000, og sannsynlegvis den høgaste nokosinne. I IA-avtala er eit av måla at forventa yrkesaktivitet ved 50 år skal forlengjast med tolv månader frå 2009 til 2018. Auken til og med 2015 er om lag åtte månader. Målet vil akkurat bli nådd i 2018 dersom yrkesaktiviteten aukar i same takt som i perioden 2009–2015.

Det var ein stor nedgang i forventa pensjoneringsalder frå 2010 til 2011. Dette kom i hovudsak av at fleksibel alderspensjon trådde i kraft i 2011 med høve til å ta ut alderspensjon frå 62 år. Sidan har det vore ein viss auke. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år var i 2015 62,8 år. Det er 0,9 år lågare enn i 2010. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år i 2015 var 58,9 år, ein nedgang med 1,9 år frå 2010. Langt fleire arbeidde samstundes med at dei tok ut pensjonen i 2015 enn i 2010.

Innleiing

NAV presenterer i denne artikkelen oppdaterte tal for to indikatorar for pensjoneringsåtfærd og sysselsetjing blant eldre:

- Forventa pensjoneringsalder
- Forventa yrkesaktivitet

Forventa pensjoneringsalder seier ved kva alder ein kan forventa at personar som enno ikkje har teke ut pensjon i ein gitt alder i eit gitt år vil ta ut pensjon, dersom pensjoneringsåtfærda held seg som i dag. Vi reknar i denne samanheng folketrygdas alderspensjon og uføretrygd, og avtalefesta pensjon (AFP) som pensjon.

Forventa yrkesaktivitet seier kor mange årsverk ein kan forventa at ein person ved ein gitt alder vil bidra med i arbeidslivet framover. Forventa yrkesaktivitet gjeld for heile folket i den gitte alderen, og er altså ikkje avgrensa til dei som framleis er i arbeid. For dokumentasjon av metodane, sjå Haga (2013). På grunn av omlegging av datakjelda for yrkesaktivitet (Aa-registret) kan vi ikkje rekna ut forventa yrkesaktivitet eksakt for 2015, og vi har i staden laga eit overslag (sjå faktaboks for metode). Vi har i denne artikkelen dessutan revidert tala for forventa yrkesaktivitet i 2014 samanlikna med Haga (2015). Revisjonen har førd til litt høgare tal for 2014. Det skuldast at vi no har tilgang til tal for faktisk yrkesaktivitet for sjølvstendig næringsdrivande i 2014.

Færre sysselsette til å forsørgja kvar pensjonist

Då folketrygda vart innført i 1967, var det vel 3,5 yrkesaktive for kvar alderspensjonist og uføretrygda. I 2015 hadde dette talet falle til 2,4. Når fleire frå dei store etterkrigskulla ikkje lenger er yrkesaktive og skal forsørgjast av mellom anna dei små fødselskulla frå slutten av 1970-talet og starten av 1980-talet, vil talet minka endå meir. Trass i at pensjonsreforma gjev fleire i jobb reknar vi med at talet på yrkesaktive per pensjonist vil falla til 2,0 kring år 2030 og til 1,5 i 2060 (Fredriksen og Stølen 2014). Den kraftige auken i forsørgingsbøra dei siste tiåra kjem av fleire tilhøve:

- Auke i forventa levealder: Forventa levealder ved fødselen har auka frå 74 år i 1967 til 82 år i 2015,

Metode for overslag på forventa yrkesaktivitet i 2015

A-ordninga blei innført 1. januar 2015 og førde til endringar i kva for arbeidsforhold verksemdene skal registrera og korleis rapporteringa skal skje. Dette har ført til eit brot i statistikken for arbeidstakarar frå 2015. I tillegg er data om arbeidstid førebels av usikker kvalitet, mellom anna fordi verksemdene ikkje har oppgjeve arbeidstid for om lag 20 prosent av arbeidstakarane. Vi kan difor enno ikkje rekna ut forventa yrkesaktivitet eksakt for 2015.

I staden har vi laga eit overslag for forventa yrkesaktivitet ved 50 år i 2015. Overslaget legg til grunn at endringa i indikatoren frå 2014 til 2015 vil samsvara med endringane i kor stor del av folket som var i registrert arbeid frå 2014 til 2015 for eittårige aldersgrupper frå 50 til 74 år. Endringa ved kvar alder er tillagt ei vekt som tilsvarar folketalet i kvar aldersgruppe. På grunn av usikre data om arbeidstid, legg vi til grunn at gjennomsnittleg arbeidstid har halde seg uendra frå 2014 til 2015. Dette er rimelig ettersom gjennomsnittleg arbeidstid blant seniorar har vore nokså stabil dei siste åra. Overslaget for 2015 er ikkje fordelt etter kjønn eller fylke.

og forventa attståande levetid for 67-åringar har i den same perioden auka frå 14 år til 19 år.¹

- Alderen når folk kjem inn i arbeidslivet har auka som følgje av at fleire tek høgare utdanning. I 1970 hadde 79 prosent av 25-årige menn inntekt over halvparten av gjennomsnittsløna i Noreg. I 2014 gjaldt dette berre 56 prosent. Dette er ein grov indikasjon på prosentdelen som har arbeid som hovudinntekt ved 25 år. I 1980 var det dessutan berre 20 prosent av folket i alderen 30–39 år som hadde avslutta høgare utdanning, medan tilsvarande tal i 2014 var 47 prosent.²
- Alderen ved avgang frå arbeidslivet har minka som følgje av høgare uttak av uføretrygd, innføringa av avtalefesta pensjon (AFP) i 1989 og som følgje av at den allmenne pensjonsalderen vart sett ned frå 70 år til 67 år i 1973. 49 prosent av 66-årige menn hadde inntekt over halvparten av gjennomsnittsløna i 1970, medan berre 36 prosent hadde det i 2014. Dette er ein grov indikasjon på prosentdelen som har arbeid som hovudinntektskjelde ved 66 år.

¹ Kjelde: Statistisk Sentralbyrå (SSB), sjå www.ssb.no/tabell/05375.

² Kjelde: SSB, sjå www.ssb.no/tabell/08921.

- I motsett retning dreg at kvinneleg yrkesdeltaking har auka kraftig dei siste tiåra og medverka til fleire sysselsette. Prosentdelen sysselsette kvinner i alderen 15–74 år auka frå 44 prosent i 1972 til 65 prosent i 2015.³

Talet på sysselsette per pensjonist, eller sysselsette som del av folkemengda i yrkesaktiv alder, er lite tenleg som ein indikator på om ein lukkast i arbeidsmarknads- og pensjonspolitikken. For det fyrste påverkar demografi i stor grad desse måltala. Når mange fleire enn før held fram i arbeid etter at dei har teke ut pensjon, kan ein dessutan heller ikkje skilje klart mellom yrkesaktive og pensjonistar. Forventa yrkesaktivitet etter 50 år unngår desse problema ved at det berre er åtferda blant yrkesaktive over 50 år som verkar inn på indikatoren. Konjunktursvingingar vil likevel verka inn, og ein må difor vera varsam med å leggja stor vekt på endringar frå år til år og heller leggja meir vekt på trendane over tid.

Fleire kombinerer arbeid og pensjon

Stadig fleire kombinerer arbeid og pensjon. Frå 2008 vart det mogleg for 67-årige alderspensjonistar å kombinera arbeid og pensjon utan at pensjonen vart avkorta, og i 2009 og 2010 vart ordninga utvida til også å gjelde 68- og 69-åringar. For alderspensjonistar over 70 år var dette mogleg også tidlegare. Med pensjonsreforma i 2011 vart det mogleg å ta ut alderspensjon også i aldersgruppa 62–66 år, og denne gruppa kunne dermed også kombinera arbeid og alderspensjon fritt. Det vart òg innført ei ny AFP-ordning i privat sektor. Medan det tidlegare gjaldt strenge avkortingsreglar for kombinasjon av AFP med arbeidsinntekt, kan ein no fritt kombinera ny privat AFP med arbeidsinntekt. Dette gjeld derimot ikkje AFP-mottakarar i offentleg sektor eller mottakarar av den gamle AFP-ordninga i privat sektor (personar som tok ut privat AFP før 2011). Dei siste mottakarane av den gamle AFP-ordninga i privat sektor gjekk over på alderspensjon i 2015.

Om vi ser på uføretrygd, AFP og alderspensjon samla, var det 19 prosent av mottakarane i alderen 50–69 år som kombinerte pensjon eller uføretrygd med arbeid

³ Kjelde: SSB, sjå www.ssb.no/tabell/051111. For 1972 refererer talet til aldersgruppa 16–74 år.

IA-avtala

IA-avtala, eller innsjansavtala om eit meir inkluderande arbeidsliv (sjå Regjeringa og partane i arbeidslivet 2014), er ei avtale mellom regjeringa og partane i arbeidslivet for å skapa eit meir inkluderande arbeidsliv. Avtala vart fyrste gong underteikna i 2001. Den noverande avtala gjeld for perioden 2014–2018. Hovudmålet med den er «å betra arbeidsmiljøet, styrka jobbnærværet, førebygginga og redusera sjukefråværet, hindra utstøying og fråfall frå arbeidslivet.»

Dei tre delmåla for 2014–2018 er:

- 1 Reduksjon i sjukefråværet med 20 prosent samanlikna med nivået i andre kvartal 2001.
- 2 Hindra fråfall og auka sysselsetjing av personar med nedsett funksjonsevne.
- 3 Yrkesaktivitet etter fylte 50 år skal aukast med tolv månader samanlikna med 2009.


NAV har arbeidslivssenter i alle fylke. Desse er ressurs- og kompetansesenter som støttar verksemdene i arbeidet med å nå måla i IA-avtala.

ved utgangen av 2009. Fram til utgangen av 2015 hadde denne delen auka til 27 prosent. Det er flest som kombinerer pensjon og arbeid blant alderspensjonistane i aldersgruppa 62–66 år. Nesten to av tre kombinerte pensjonen med arbeid ved utgangen av 2015 (Amundsen m.fl. 2016). Dette medverkar til at forventa pensjoneringsalder og forventa yrkesaktivitet har hatt ulik utvikling dei siste åra.

Forventa yrkesaktivitet har auka


I 2014 kunne ein 15-åring rekna med ein yrkeskarriere tilsvarande 31,7 årsverk i arbeidslivet (figur 1). Det er om lag 2 år høgare enn i 2001 då tilsvarande tal var 29,6 årsverk, og også litt høgare enn i 2008 då sysselsetjinga hadde ein topp. Vi hadde om lag same konjunktursituasjon i 2008 som i 2001. Arbeidsløysa byrja å stige etter å ha nådd eit botnnivå i begge desse åra (Sørbø og Handal 2010). Det er difor sannsynleg at auken i forventa yrkesaktivitet frå 2001 til 2014 – om lag to årsverk – er ei reell trendendring og ikkje skuldast kortsiktige svingingar. Nedgangen i yrkesaktivitet frå 2008 til 2011 kom i stor grad av nedgangskonjunktoren som starta våren 2008. Sidan menn i større grad enn kvinner arbeider i konjunkturutsatte næringar, gjekk yrkesaktiviteten meir ned for menn enn for kvinner.

Figur 1. Forventa yrkesaktivitet etter fylte 15 år, etter kjønn. Årsverk



Kjelde: NAV

Figur 2. Del av folketallet i registrert arbeid ved utgangen av året, etter alder. Prosent



Kjelde: NAV og Statistisk sentralbyrå.⁴


Forventa yrkesaktivitet i 2014 var høgare enn nokon gong sidan 2001. Det er auken for kvinner som gjer dette. For menn er forventa yrkesaktivitet framleis 0,3 år lågare enn i 2008, som var eit toppår. Auken frå

2001 til 2014 svarar til ein forlengja yrkeskarriere på om lag 2,5 årsverk for kvinner og 1,6 årsverk for menn. Kvinner kan likevel rekna med å ha sju færre årsverk i arbeidslivet enn menn. Denne skilnaden har berre gått svakt ned frå 2001, då han var litt meir enn åtte årsverk. Noko av denne skilnaden kjem av at kvinner i større grad enn menn er mellombels ute av

.....

⁴ Tal for 2015 manglar for aldersgruppa 18-49 år.

Figur 3. Forventa yrkesaktivitet etter fylte 50 år, etter kjønn. Årsverk. Overslag for 2015



Kjelde: NAV

arbeidslivet som følgje av omsorg for born, særleg i samband med foreldrepermisjon. Skilnaden mellom kvinner og menn i den delen som er sysselsett er likevel temmeleg liten, og hovudårsaka til skilnaden i forventa yrkesaktivitet er difor at det framleis er langt fleire kvinner enn menn som arbeider deltid.

Yrkesaktiviteten for dei under 50 år, sett under eitt, har vore nokså stabil sidan 2009 (figur 2). Samstundes har det vore ein klar auke i sysselsetjinga blant personar over 50 år. Det kjem truleg mellom anna av betre helse og auka utdanningsnivå blant eldre, og jamt veksande sysselsetjing blant kvinner. Som følgje av pensjonsreforma har sysselsetjinga dessutan auka særleg mykje for aldersgruppa 62–66 år i perioden 2010 til 2015. Denne auken starta for 62-åringane i 2011 og har sidan forplanta seg til høgare aldrar år for år etter kvart som årskullet som var 62 år i 2011 har blitt eldre. Som nemnt vart òg avkortinga av alderspensjonen ved arbeid for aldersgruppa 67–69 år avskaffa i perioden 2008–2010, noko som har medverka til auka sysselsetjing for denne gruppa.

Aldersgrensa i arbeidsmiljølova for når oppseiingsvernet tek slutt, blei auka frå 70 til 72 år frå 1. juli 2015. På grunn av overgangsordningar, er det truleg for tidleg å sjå effektar av denne endringa så langt.


Høgare yrkesaktivitet blant dei over 50 år

Delmål 3 i IA-avtala for 2014–2018 er at gjennomsnittleg periode med yrkesaktivitet etter fylte 50 år skal aukast med tolv månader frå 2009 til 2018. Figur 3 viser eit mål på dette – forventa yrkesaktivitet etter 50 år. Merk at denne indikatoren er basert på sysselsetjinga for heile folket over 50 år, også den delen som hadde slutta i arbeid før 50 år på grunn av arbeidsløyse eller dårleg helse. Skulle vi rekna med berre dei som framleis var yrkesaktive ved 50 år, ville tala vore høgare.

Ein 50-åring kunne i 2014 venta å vera i arbeid framover tilsvarande 11,6 år med full stilling. Vi har ikkje eit fullgodt talgrunnlag for 2015, men eit overslag tyder på uendra tal for 2015. Det har vore ein auke på 0,7 år (åtte månader) frå 2009. Forventa yrkesaktivitet etter 50 år er no høgare enn i alle tidlegare år vi har data for og truleg på sitt høgaste nivå nokosinne⁵. For 2001 til 2015 svarar auken til 2 årsverk per person. Yrkesaktiviteten har vore jamn eller aukande i kvart einaste år i perioden, også i periodar med stigande arbeidsløyse, slik som i 2002–2003, 2009–2010 og 2013–2015.

⁵ Tall frå Arbeidskraftundersøkinga til SSB viser at talet på sysselsette som del av folket i aldersgruppa 55–74 år var 49 prosent både i 2014 og 2015. Det er det høgaste nivået sidan undersøkinga vart starta i 1972. Kjelde: www.ssb.no/tabell/05111.

Figur 4. Forventa yrkesaktivitet etter fylte 50 år, etter fylke. Årsverk



Kjelde: NAV

Auken er størst for kvinner, og det skuldast at dei årskulla med kvinner som no passerer 50, har vore meir yrkesaktive gjennom heile sitt voksenalv.


Ei mogeleg forklaring på auken i yrkesaktivitet etter fylte 50 år er elles at ein stadig større del av folk i denne aldersgruppa har høgare utdanning. Tidlegare granskingar viser at sysselsetjinga blant eldre aukar med utdanningsnivået (Nordby og Næsheim 2016).

At store årskull no er i ferd med å nærma seg pensjonsalder, kan dessutan ha ført til ei haldningsendring blant arbeidsgjevarar og arbeidstakarar, slik at både arbeidskraftstilbodet og etterspurnaden kan ha auka i denne aldersgruppa. Spørjeundersøkinga Norsk Seniorpolitisk barometer 2015 (Dalen 2015a og 2015b) viser til dømes at ønskt avgangsalder frå arbeidslivet

har auka med fem år frå 2003 til 2015 og er no 66 år. Synet på eldre i arbeidslivet har òg jamt over betra seg blant arbeidsgjevarane sidan 2003. Undersøkinga frå 2015 viser likevel at arbeidsgjevarane er litt meir negative enn før til å tilsette seniorar. Det kan ha samanheng med den noverande lågkonjunkturen.

Auken i forventa yrkesaktivitet frå 2010 til 2015 har også samanheng med pensjonsreforma og innføringa av nytt pensjonsregelverk frå 2011. Nytt med pensjonsreforma var at personar i alderen 62–66 år kunne kombinera arbeid og alderspensjon utan at pensjonen vert redusert. Dahl og Lien (2013) og Hernæs m.fl. (2015) viser at reforma førte til ein signifikant auke i sysselsetjinga for personar over 62 år. Auken kom i særleg grad for arbeidstakarar i private AFP-verksemder der insentiva til arbeid i størst grad blei betra.

Figur 5. Gjennomsnittleg avgangsalder etter fylte 50 år, etter næring. 2013



Kjelde: NAV

Eldre arbeidar lengst i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane er fylket med høgast yrkesaktivitet blant dei over 50 år, følgt av Akershus og dei andre vestlandsfylka (figur 4). Folk i Sogn og Fjordane arbeider i gjennomsnitt 12,7 år på heiltid etter at dei har fylt 50 år. Østfold er fylket med den lågaste yrkesaktiviteten. 50-åringar kan der rekna med å vera berre 10,3 årsverk i arbeid etter fylte 50 år. Alle fylka har auke i yrkesaktiviteten frå 2009 til 2014. Vi kan til dels forklara den fylkesvise variasjonen med skilnadar i næringsstruktur og utdanningsnivå. Akershus er fylket med nest høgast utdanningsnivå (etter Oslo) for folk i aldersgruppa 60–66 år, medan Finnmark og Østfold har sjetta lågast og nest lågast utdanningsnivå i denne aldersgruppa.⁶

Yrkesaktiviteten har òg samband med kor mange i ulike fylke som er utanfor arbeidslivet på grunn av helse. Medan 28 prosent av folk i alderen 50–66 år fekk uføretrygd i Østfold ved utgangen av 2015 (fylket med høgast prosentdel), gjaldt dette til dømes berre 15 prosent i Akershus (lågast av alle fylka).

Gjennomsnittleg avgangsalder etter næring og yrke

Indikatoren «forventa yrkesaktivitet» let seg ikkje enkelt fordela på næring eller yrke. For å kunna seia noko om lengda av yrkesaktivt liv blant seniorar i ulike næringer og yrke, nyttar vi i staden gjennomsnittleg avgangsalder blant personar over 50 år. Den blir rekna ut som gjennomsnittsalderen til dei over 50 år som var i arbeid eit gitt år (2013), og som ikkje var i arbeid i løpet av dei to neste åra. Sidan vi følgjer personane i to år for å avgjera om dei er ute av arbeidslivet, er 2013 det siste året vi kan gje tal for.


Blant næringane er det offentleg forvaltning som har høgast avgangsalder, følgt av personleg tenesteyting og undervisning. Dei har alle avgangsalder over 64 år (figur 5). Overnattings- og serveringsverksemdar har klart lågast avgangsalder, på om lag 61 år.

Akademiske yrke har høgaste avgangsalder, på drygt 64 år, drygt eitt år høgare enn høgskoleyrke som har nest høgaste avgangsalder (figur 6). Lågast her er handverkarar fylgt av prosess- og maskinoperatørar, transportarbeidarar med vidare. Desse yrka har ein avgangsalder på under 62 år.

Tala for gjennomsnittleg avgangsalder må tolkast med varsemd sidan denne indikatoren har fleire


⁶ Prosentdel av folkemengda i alderen 60–66 år som i 2014 hadde universitets- eller høgskuleutdanning. Kjelde: SSB, sjå www.ssb.no/tabell/08921.

Figur 6. Gjennomsnittleg avgangsalder etter fylte 50 år, etter yrke. 2013



Kjelde: NAV

Figur 7. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år, etter kjønn




Kjelde: NAV

metodiske problem. Indikatoren gjev gjennomsnittsalderen for alle over 50 år som hadde avgang eit år, utan å ta omsyn til om alderssamansetjinga blant dei over 50 år har endra seg. Dersom aldersgruppa over 50 år til dømes vert eldre, vil det då òg bli fleire som har avgang ved høg alder. Det kan trekkje indikatoren opp, sjølv om avgangsalder ikkje har endra seg.

Dessutan vil det vera slik at berre dei som faktisk forlét arbeidslivet i det aktuelle året vil verka inn på indikatoren. Pensjonsreforma har til dømes ført til at fleire har halde fram lenger i arbeid. Det er fyrst når desse faktisk har avgang frå arbeidslivet at dette vil verka inn på gjennomsnittleg avgangsalder. På kort sikt etter at reforma blei sett i kraft, er det uklart korleis ei slik åtferdsending vil verka inn på indikatoren.

Figur 8. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år, etter kjønn



Kjelder: NAV

Forventa pensjoneringsalder har auka litt

Vi kan rekna ut forventa pensjoneringsalder for ikkje-pensjonerte personar i ulike aldrar. Figur 7 og 8 viser forventa pensjoneringsalder på to alderstrinn: 18 og 50 år for perioden 2001 til 2015.

I 2015 var forventa pensjoneringsalder for ein person på 50 år på 62,8 år, mens den for ein person på 18 år var 58,9 år. Av figur 7 og 8 ser vi at den forventa pensjoneringsalderen for kvinner ved 18 års alder var 0,7 år (9 månader) lågare enn for menn, men ved 50 års alder var den litt høgare. Forventa pensjoneringsalder for kvinner var i alle år før 2011 lågare enn for menn. Pensjonsreforma har ført til at forventa pensjoneringsalder for kvinner ved 50 år er blitt høgare enn for menn. Det kjem av at kvinner i langt mindre grad enn menn nyttar seg av høvet til å ta ut alderspensjon før 67 år.

Det var ein sterk auke i forventa pensjoneringsalder i 2004. Dette kom av innføringa av tidsavgrensa uførestønad. Eit hovudmål med denne ordninga var å minka tilgangen til varig uføretrygd.⁷ I 2010 og 2011 var det ein nedgang i forventa pensjoneringsalder på alle aldersnivå. Dette kjem av auka tilgang både til uføretrygd og AFP, og i 2011 også til alderspensjon på grunn av innføringa av


fleksibel alderspensjon. Auken i tilgangen til uføretrygd kjem i stor grad av opphevinga av tidsavgrensa uførestønad. Mange mottakarar av arbeidsavklaringspengar som tidlegare hadde tidsavgrensa uførestønad, har fått uføretrygd (Lande 2014). Dessutan kan det vera at ein del personar som før ville fått tidsavgrensa uførestønad, har fått uføretrygd i staden for arbeidsavklaringspengar.

I 2012 og 2013 auka forventa pensjoneringsalder. Dette skyldast særleg lågare tilgang til uføretrygd på alle aldersnivå, men også lågare tilgang til alderspensjon i alder 63–66 år samanlikna med 2011, då tilgangen til alderspensjon var ekstra stor sidan fem årskull fekk høve til å ta ut alderspensjon før fylte 67 år. I 2014 fekk vi igjen ein sterk nedgang i forventa pensjoneringsalder, først og fremst på grunn av ekstra stor tilgang til uføretrygd sidan mange hadde gått maksimaltida på arbeidsavklaringspengar, som er fire år. Forventa pensjoneringsalder auka noko i 2015 fordi færre tok ut uføretrygd enn året før, og at det var færre som tok ut alderspensjon før 67 år.

Nokre år har det vore lang saksbehandlingstid på krav om uføretrygd. Det kan ha vore ein medverkande årsak til auken i forventa pensjoneringsalder frå 2004 til 2007. Reduksjon i saksbehandlingstida i 2009 kan ha medverka til nedgangen frå 2009. Tilhøva på arbeidsmarknaden påverkar også pensjoneringsatferda. Noreg var inne i ein høgkonjunktur frå

⁷ Ein grundig analyse av TU-ordninga finst i Bragstad (2009).

Figur 9. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 62 år, etter kjønn. Berre alderspensjon og AFP



Kjelde: NAV

2003/2004 til 2008. Auken i etterspurnaden etter arbeidskraft i denne perioden kan ha medverka til å forklara auken i forventa pensjoneringsalder i 2005–2007. Tilsvarande kan minka etterspurnad i 2009–2010 ha medverka til auka uttak av pensjon.

Fleire år som pensjonsmottakar

Ved å sjå på skilnaden i forventa levetid og forventa pensjoneringsalder ved 50 års alder, får vi eit anslag over forventa tid som mottakar av pensjon. Denne har auka monaleg frå 17,6 år i 2001 til 20,9 år i 2015. Auken kjem både av auka forventa levealder og nedgang i forventa pensjoneringsalder. Auken frå 2001 til 2015 er på 3,3 år. 2,6 år kjem av auka levealder og 0,7 år av lågare pensjoneringsalder.

Vi får eit mål for talet på år som yrkespassiv etter femti år ved å ta skilnaden mellom forventa levetid og forventa yrkesaktivitet etter 50 år. Denne var 21,4 år i 2001, og har berre auka med eit halvt år til 21,9 år i 2015. Dette inneber at folk over 50 år har teke ut det meste av auken i forventa levealder i auka yrkesaktivitet – 2,0 år av ein auke i forventa levealder på i alt 2,5 år.

Forventa pensjoneringsalder for alderspensjon og AFP

Vi har så langt sett på pensjoneringsalder der uføretrygd inngår i pensjonsomgrepet. Men uføretrygd er

ikkje ei frivillig form for pensjonering på same måte som alderspensjon og AFP, men pensjonering som følgje av dårleg helse. For å få eit bilete av utviklinga av den meir frivillige pensjoneringa, ser vi på korleis forventa pensjoneringsalder utviklar seg når vi avgrensar pensjonsomgrepet til berre å omfatta alderspensjon og AFP (figur 9). I privat sektor er AFP no eit tillegg til alderspensjonen. I offentlig sektor kan ein velja mellom alderspensjon og AFP dersom ein vil ta ut pensjon før 67 år.

Frå 2001 til 2010 var det ein moderat nedgang i forventa pensjoneringsalder rekna på denne måten, med om lag 0,3 år. I 2011 blei det mogeleg å ta ut alderspensjon frå 62 år. Mange, særleg menn, nytta seg av dette og vi fekk ein reduksjon i forventa pensjoneringsalder frå 2010 til 2011 med om lag eitt år. For kvinner var nedgangen berre 0,3 år (4 månader) og for menn 1,7 år.

Den store skilnaden mellom kvinner og menn skuldast både at ein større del menn fyller vilkåra for å ta ut pensjon før fylte 67 år, og at kvinner som oppfyller vilkåra i langt mindre grad nyttar seg av ordninga. Forventa pensjoneringsalder for menn og kvinner samla er med denne utrekningsmåten den same i 2015 som i 2011 – 65,0 år. Det var ein liten auke for menn og ein liten nedgang for kvinner.

Referansar

- Amundsen, Iren, Atle Fremming Bjørnstad og Oddbjørn Haga (2016) *Utviklingen i alderspensjon pr. 31. desember 2015*. Notat. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet.
- Bragstad, Torunn (2009) *Tidsbegrenset uførestønad – evaluering fire år etter innføring*. NAV-rapport 3/2009, Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet.
- Dahl, Espen Halland og Ole Christian Lien (2013) «Pensjonsreformen – flere eldre i arbeid». *Arbeid og velferd*, 1/2013, 58–71.
- Dalen, Erik (2015a) *Norsk seniorpolitisk barometer 2015. Kommentarrapport, yrkesaktive*. Oslo: Ipsos MMI.
- Dalen, Erik (2015b) *Norsk seniorpolitisk barometer 2015. Kommentarrapport, ledere i arbeidslivet*. Oslo: Ipsos MMI.
- Fredriksen, Dennis og Nils Martin Stølen (2014) «Pensjonsreformen – stort omfang av tidliguttak øker pensjonsutgiftene på kort sikt». *Økonomiske analyser*, 6/2014, 34–39.
- Haga, Oddbjørn (2013) «Forventa pensjoneringsalder og yrkesaktivitet». *Arbeid og velferd*, 2/2013, 102–116.
- Haga, Oddbjørn (2015) «Forventa pensjoneringsalder og yrkesaktivitet». *Arbeid og velferd*, 2/2015, 65–75.
- Hernæs, Erik, Simen Markussen, John Piggott og Knut Røed (2015) *Pension Reform and Labor Supply: Flexibility vs. Prescription*. IZA Discussion paper No. 8812. Bonn: Forschungsinstitut zur Zukunft der Arbeit
- Lande, Sigrid (2014) «Arbeidsavklaringspenger – mottakere overført fra tidligere ordninger». *Arbeid og velferd*, 2/2014, 89–100.
- Nordby, Pål og Helge Næsheim (2016) *Yrkesaktivitet blant eldre før og etter pensjonsreformen*. Rapport nr. 2016/10. Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Regjeringa og partane i arbeidslivet (2014) *Intensjonsavtalen om et mer inkluderende arbeidsliv*. Tilgjengelig fra: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/asd/dokumenter/2014/ia_20_142_018/signert_ia_avtale.pdf
- Sørbo, Johannes og Jørn Handal (2010) «Nedgangskonjunktoren til nå – hva skiller denne fra de forrige?». *Arbeid og velferd*, 1/2010, 13–21.

